



## Møteprotokoll

**Utval:** SOGN REGIONRÅD

**Møtestad:** Hopstock hotell, Vik

**Møtedato:** 04.12.2009

**Tid:** 09:00 – 13:45

### Innleiing:

#### A. Oppmøte

<b>Regionrådet faste medlemmar:</b>
Desse møtte: Jarle Aarvoll, ordførar Sogndal kommune (leiar) Olav Ellingsen, ordførar Aurland kommune Marta Finden Halset, ordførar Vik kommune Olav Lunden, ordførar Leikanger kommune Jarle Sanden, ordførar Lærdal kommune Arild Ingard Lægreid, ordførar Årdal kommune Harald Offerdal, varaordførar i Balestrand kommune Forfall: Torodd Urnes, ordførar Luster kommune
<b>Rådmannsgruppa:</b>
Desse møtte: Tore Eriksen, rådmann Luster kommune (leiar) Oddbjørn Ese, rådmann Vik kommune Odd Arve Rakstad, rådmann Leikanger kommune Steinar Søgård, Aurland kommune Jostein Aanestad, rådmann Sogndal kommune Bent Arild Grytten, rådmann Lærdal kommune Ingvar Laberg, rådmann Årdal kommune Forfall: Vidar Roseth, rådmann Balestrand kommune
<b>Eksterne gjestar:</b>
Ingen

B. Innkalling godkjend utan merknader.

C. Saksliste godkjend.

D. Protokoll frå møte 23. oktober godkjend utan merknader.

## Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
21/09	09/3226	<b>De Heibergske samlinger - Sogn folkemuseum Vidareføring av driftsavtale</b>
22/09	09/3225	<b>De Heibergske samlinger - Sogn folkemuseum, val av styremedlem</b>
23/09	09/1817	<b>Årdal kommune - Utmelding frå Sogn regionråd</b>
24/09	09/2123	<b>Budsjett 2010 Sogn regionråd</b>
25/09	09/3227	<b>Møteplan 2010</b>
26/09	09/839	<b>Orienteringssaker 04.12.2009</b>

**Sak 21/09**  
**De Heibergske samlinger - Sogn folkemuseum Vidareføring av driftsavtale**

**Tilråding:**

Sogn regionråd rår til at kommunane godkjenner driftsavtalen med De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum slik den ligg føre for perioden 2010 til 2014 med fordeling av tilskota etter avtalen punkt 4.

**Vedtak:**

Sogn regionråd rår til at kommunane godkjenner driftsavtalen med De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum slik den ligg føre for perioden 2010 til 2014 med fordeling av tilskota etter avtalen punkt 4.

**Sak 22/09**  
**De Heibergske samlinger - Sogn folkemuseum, val av styremedlem**

**Tilråding:**

Frå Sogn Regionråd vert desse vald som styremedlemmer for perioden fram til 2011:

Styremedlem:

Vara:

**Vedtak:**

Frå Sogn Regionråd vert desse vald som styremedlemmer for perioden fram til 2011:

Styremedlem: Marta Finden Halset

Vara: Per Birger Lomheim

**Sak 23/09**  
**Årdal kommune - Utmelding frå Sogn regionråd**

**Tilråding:**

Sogn Regionråd vedtek følgjande prinsipp for utbetaling av utløysingssum i samband med Årdal kommune sin uttrede av Sogn Regionråd 1. januar 2010:

Eignelutar/fond i rekneskapet som inngår i utløysingsgrunnlaget:

50 % av Fond Sogn regionråd – diverse prosjekt:

+ 100 % av Fond Sogn regionråd – kontingent

+ 100 % av Fond Sogn regionråd – konferanse

I fråtrekk kjem Årdal kommune sin andel av løyvd tilskot til Njøs Forsøksgard for i 2010 og 2011 for den delen som er finansiert ved kontingent.

Utrekning av utløysingssummen skjer på basis av rekneskapstala til Sogn regionråd pr.31.12.2009.

Utrekning av Årdal kommune sin andel i utløysingsgrunnlaget, skjer i samsvar med fordelingsnøkkel for kontingent for medlemmene etter § 5 i Sogn Regionråd sine vedtekter. Folketal i kommunane pr.31.12.2009 vert lagt til grunn for utrekninga.

Når det gjeld Årdal kommune si vidare deltaking i samarbeidsordningar etablert/drifta i regi av Sogn Regionråd , sluttar Sogn Regionråd seg til dei vurderingar og konklusjonar som er gjort i saksutgreiinga.

Nye medlemer til faggruppene må takast opp på regionrådet sitt første møte i 2010.

SIMAS må gjere ei vurdering knytt til IKS regelverket når det gjeld samansetting av representantskapen for selskapet.

#### **Handsaming:**

Det vart orientert nærare om ”samansetting” av den kapitalen som står på dei aktuelle fonda jf. at det er situasjonen ved rekneskapsavslutninga for 2009 som er grunnlaget for fordeling.

#### **Vedtak:**

Sogn Regionråd vedtek følgjande prinsipp for utbetaling av utløysingssum i samband med Årdal kommune sin uttrede av Sogn Regionråd 1. januar 2010:

Eignelutar/fond i rekneskapet som inngår i utløysingsgrunnlaget:

- 50 % av Fond Sogn regionråd – diverse prosjekt:
- + 100 % av Fond Sogn regionråd – kontingent
- + 100 % av Fond Sogn regionråd – konferanse

I fråtrekk kjem Årdal kommune sin andel av løyvd tilskot til Njøs Forsøksgard for i 2010 og 2011 for den delen som er finansiert ved kontingent.

Utrekning av utløysingssummen skjer på basis av rekneskapstala til Sogn regionråd pr.31.12.2009.

Utrekning av Årdal kommune sin andel i utløysingsgrunnlaget, skjer i samsvar med fordelingsnøkkel for kontingent for medlemmene etter § 5 i Sogn Regionråd sine vedtekter. Folketal i kommunane pr.31.12.2009 vert lagt til grunn for utrekninga.

Når det gjeld Årdal kommune si vidare deltaking i samarbeidsordningar etablert/drifta i regi av Sogn Regionråd , sluttar Sogn Regionråd seg til dei vurderingar og konklusjonar som er gjort i saksutgreiinga.

Nye medlemer til faggruppene må takast opp på regionrådet sitt første møte i 2010.

SIMAS må gjere ei vurdering knytt til IKS regelverket når det gjeld samansetting av representantskapen for selskapet.

**Sak**            **24/09**  
**Budsjett 2010 Sogn regionråd**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek budsjettet for 2010 slik det ligg føre.

**Vedtak:**

Sogn regionråd vedtek budsjettet for 2010 slik det ligg føre.

**Sak**        **25/09**  
              **Møteplan 2010**

**Tilråding:**

Møteplan for 2010 vert vedteke slik den ligg føre.

**Handsaming:**

Det kan verta aktuelt å endra dato for april møtet, sekretariatet sender ut melding om dette.

**Vedtak:**

Møteplan for 2010 vert vedteke slik den ligg føre.

**Sak**        **26/09**  
              **Orienteringssaker 04.12.2009**

**Orienteringar og drøftingar.****Helsegruppa ved Lunden og Sanden**

Det vart orientert om gruppa sitt arbeid med ein felles uttale til Helse Førde i tilknytning til føretaket sitt budsjett for 2010.

Rådet ga leiar mandat til å framføra synspunkt frå regionrådet på dialogmøte med føretaket 7. desember.

Lunden opplyste om at KS i fylket vil innkalla til møte om samhandlingsreforma i slutten av januar 2010.

**Reiselivsgruppa**

Leiar orienterte etter informasjon frå Målsnes om oppretting av operatørselskap som eige selskap under Visit Sognefjorden.

**Vegsamband Stavanger/Bergen – Trondheim**

Generell drøfting som munna ut i at rådet bør ta initiativ til ein prosjektplan. Dette er tema på rådet sitt møte i februar 2010.

**Flyrutetilbodet**

Sekretariatet orienterte om førebels kontaktar med Avinor på Haukåsen og synspunkt frå Avinor sentralt. Rådet tok til vitande at ein no tek nærare kontakt med Widerøe med omsyn på om rutetilbodet kan tilpassast i denne konsesjonsperioden og om korleis og når eit tilbodet for neste periode bør planleggast.

**Sogn jord- og hagebruksskule**

Ellingsen orienterte om at denne saka vert sendt på høyring til kommunane med frist til uttale i februar 2010. Rådet ber om at kommunane gjev uttale innan januar slik at RUP gruppa kan førebu uttale frå rådet til møtet i februar.

### **Sats på skulen**

Leiar orienterte frå programstyret sitt siste møte. Skuleleiardelen og fagnettverket fungerer godt. Entreprenørskapsmesse vert halde våren 2010. Leiar stilte spørsmål om kor mykje politikarane veit om skuleeigarrolla og gjorde framlegg om at prosjektleiar set opp eit oversyn over dei ulike delprosjekta med kort beskriving av mål, framdrift og resultat til no. Korleis vidareføring er tenkt bør og takast med i notatet og korleis det er tenkt med at prosjektet no vurderar å gå inn på leiaropplæring for barnehagane.


### **Korte meldingar om aktuelle saker i dei einskilde kommunane frå ordførarane.**

#### **Rådmannsgruppa**

Leiar i rådmannsgruppa Eriksen orienterte om desse sakene:

- Det er teke initiativ til at NAV data kan registrerast slik at dei kan takast med i målekorta i kommunane
- Interkommunalt byggjetilsyn, her vil prosjektet halde fram i 2010 med kommunane Luster, Sogndal, Leikanger, Vik og Balestrand med sikte på at ei felles ordning er på plass seinast til årsskiftet 2010-11.
- Nytt sentralt krav om utvida bedriftshelseteneste vert no drøfta i møte mellom kommunane med sikte på samordning av anbod. Rådet bør vurderer å gjere kommunalministeren merksam på at nye krav på dette området ikkje er finansiert i høve til overføringsordninga til kommunane. Rådet slutta seg til dette og sekretariatet utformar utkast til brev i samråd med rådmennene.
- Interkommunalt friluftsråd, rådet handsama sak i juni og rådmannsgruppa har drøfta dette. Gruppa er usikre på korleis eit slikt råd kan etablerast og fungera i regionen, men går vidare etter denne prosjektplanen og med dei økonomiføresetnader som der er lagt. Det vert lagt vekt på om friviljuge lag, Turlag mv kan vera sentrale i funksjonar knytt til eit interkommunalt råd.
- Krisesenter, frå 2011 har kommunane fått pålagt eit sjølvstendig ansvar for eit krisesentertilbod. Rådmannsutvalet på fylkesnivå vil drøfte kva organisering som er mest tenleg. Det aktuelle er ei organisering som omfattar heile fylket eller vert lagt til regionnivå.
- GIS arbeidet, her er fokus på konkret støtte til dei sentrale oppgåver i kommunane.
- Sats på skulen, rådmannsgruppa legger opp til ei brei drøfting på april møtet jf. at det er aktuelt med utviding av prosjektet til å omfatte leiaropplæring for barnehagane.
- Rådmannsgruppa har og drøfta eit innspel frå helsegruppa om eit prosjekt knytt til samordningsreforma etter Valdres-modellen. Rådmannsgruppa sitt synspunkt er at eit slikt prosjekt er så omfattande og krevjande at etablering av eit slikt prosjekt må forankrast i rådet

Sogn regionråd 9. desember 2009

  
Jarle Aarvoll  
leiar

  
Arthur Langeland  
dagleg leiar